

# Ordskifte

E-POST: ordskifte@dagogtid.no Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.

Ein kan sjølvsagt velja å tru at Israel er uskuldig og har ein særleg rett til å neglisjera internasjonale lover og konvensjonar.

## Populismen er folkets skrik

FRANKRIKE  
GEORGE CHABERT  
TRONDHEIM

Økonomen Karl Schüz forteller om sin venn Karl Marx: «Jeg husker fortsatt tonen, som om han spydde, hver gang han uttalte ordet borgerlig; det var borgerlig han slengte til alle som torde å motsi ham.» I dag er det populisme som vekker vemmelse. «Populist» er anatema våre politiske eliter gjerne slynger ut om enhver som utfordrer deres makt. Det var ikke alltid slik. Tidligere var «populisme» – for folket – et positivt uttrykk som ble brukt til å definere visse revolusjonære bevegelser både i Russland og i Amerika. Det var først for noen tiår tilbake at avisene begynte å bruke betegnelsen for å demonisere folket som satte spørsmål-tegn ved politiske valg tatt av oligarkiet, med støtte fra sine uunn-gjælige «eksperter».

Populisme er den mistilliten arbeiderklassen og deler av middelklassen viser mot de politiske, økonomiske, finansielle og kulturelle eliter. Folket stoler ikke lenger på det som blir fortalt; mediene generelt oppleves som lite annet enn propagandaorganer. Denne mistilliten er tydelig i



Dei to presidentkandidatane Marine Le Pen og Emmanuel Macron før den siste fjernsynsdebatten før valet. Foto: Eric Feferberg / Pool / Reuters / NTB scanpixPOOL

Frankrike, som vist i en bok fra 2007 med tittelen *Mistilliten samfunn*. Som vi har sett det både i Brexit og i presidentvalget i USA, er regelen nå at kandidatene som mediene utpeker, aldri vinner et valg.

Høyre-venstre-aksen oppleves av folket som kunstig, for partiene er kun uenige om hva som skal til for å nå samme mål. Den

gjeldende aksene er ikke horisontal, men vertikal: Øverst, de som høster fordelene av globaliseringen, og nederst de som taper på den. Som samfunnsgeografen Christophe Guilluy har vist, blir arbeiderklassen og en del av middelklassen tvunget til å migrere fra de største byene der rikdommen er konsentrert, og bosette seg i mer avsidesliggende områ-

der. De opplever dermed en tre-dobbel utelukkelse: politisk, sosial og kulturell eksklusjon. Denne klassen – som representerer omtrent 60 prosent av befolkningen – blir viktigere og viktigere i ethvert valg. Dette forklarer intelligentsias økende vemmelse for taperne av globaliseringen.

Eric Fassin, den franske venstresidens sosiolog, karakteriserte i sin siste bok populismen som «bitterhetens politikk». Men det finnes ingen populistisk ideologi. Populisme kan kombineres med en hvilken som helst isme. Populisme er snarere en måte å artikulere sosiale og politiske krav som den herskende klasse blankt avviser. Populisme er ikke bare et ønske om beskyttelse, men også et behov for mer demokrati. Populisme er et krav fra folket: De krever at politikerne må på nytt være engasjert i politikken, og ikke bare overlate den til «eksperterne» og deres «universelle prinsipper». Som den franske politiske filosofen Pierre Manent sier det: «Vi hører folket skrike; det er det man kaller populisme.»

George Chabert er professor ved Institutt for historiske studier ved NTNU.

## Det gode livet til okkupasjonen

ISRAEL  
SIGRUN ØVRETVET  
KØBENHAVN

Etter å ha lese Geir Olav Jørgensen sine artiklar i Dag og Tid, set eg att med eit sitat av Goethe: «So fühlte man Absicht, und man ist verstimmt.»

Spørsmålet er beint fram: Kva vil han med desse artiklane, kva er føremålet?

Han fortel mellom anna om kor slitsamt det er å bu i denne fjellandsbyen, Kadita, i Golanhøgden. Ikkje flust av materielle gode, vintrane kalde og somrane varme. Slike livsvilkår er der mange stader i verda. Han bur der ikkje av naud, han har valt buplassen sjølv. Er det interessant? Nei.

Han skriv kor vakkert det er på Golanhøgden. Eg samtykkjer. Eg var der i 1977, bare ti år etter okkupasjonen, og enno svært synlege teikn av øydelagde hus og heimar, gjorde eit uslet-teleg inntrykk på meg. Folket, palestinarar, som budde der, i den israelske okkupasjonen, seksdagarskrigen i 1967, tykte òg det var vakkert. Vi kjenner også denne delen av Palestina/Israel-soga frå begge sider.

Han streifar sporadisk den palestinsk/israelske soga, fortid og notid, utifra ein pro-israelsk synsstad, og stiller spørsmålet om han skal ha dårleg samvit for handlingar i fortida. Spørsmålet er irrelevant.

Lesaren får ei skildring av Israel som eit aktivt og vel-fungerande «demokrati». (Det er dette bilete turistane ser med utvalde guidar!) Der er røyster som ikkje vert høyrd når historier vert skrivne. Det er desse artiklane eit eksemplarisk døme på.

Ein kan sjølvsagt velja å tru at Israel er uskyldig og at dei har ein særleg rett til å neglisjera internasjonale lover og konvensjonar, som Geir Olav Jørgensen er talsmann for.

Ein okkupasjon i eit land som er opphavet til ein av de største urettmessige okkupasjonar i moderne historie, må rekna med at no, og i all framtid, vil løgn og kynisme vika for rettferd og sanning.

## Blodig start for eit sjølvstendig land

FINLAND  
ÅSULV EDLAND  
OSLO

2017 er det store fridomsåret i Finland. I år feirar landet at det er 100 år sidan det ikkje lenger var ein del av det russiske storfyrstedømet eller det svenske kongeriket. Finland blei russisk og Noreg blei svensk i oppgjeret etter Napoleonskrigen fordi dansk kongen stod på feil side då Napoleon tapa krigen. Finland som hadde vore svensk i 700 år, blei frå 1809 russisk storfyrstedøme under tsaren fram til tsaren blei styrta i mars i 1917.

I Russland hadde regjeringa Kerenskij fyrst makta. Kommunistane overtok i byrjinga av november 1917. Den finske landdagen fekk meir makt, fungerte nærmast som ei regjering. 6. desember fekk «Lantdagen» senatet til å godkjenne ei formell sjølvstendeerklæring for Finland. Etter 1917 har 6. desember vore Finlands nasjonaldag, og i år feirar grannlandet vårt 100 år som sjølvstendig stat frå både Sverige og Russland.

31. desember 1917 godkjende Lenins regjering i Petrogard Fin-

lands sjølvstende, og nokre dagar seinare gjorde Sverige, Tyskland og Frankrike det same.

Kva slags stat skulle det sjølvstendige Finland bli? Dei indre motsetningane kom fram i januar i 1918. Sosialdemokratane hadde hausten 1917 gått inn for ei revolusjonær maktovertaking. Tidleg på nyåret 1918 blei det storstreik, og det voks fram kvite og raude gardar. Det russiske maktapparatet var oppløyst og politivesen mangla. I slutten av januar gjekk motsetningane over til borgarkrig. «Innbördeskriget» blei ein svært blodig og stygg startfase på det nye sjølvstendige Finland. Det fanst stadig russiske styrkar i Finland, og dei støtta dei «raude» som tok makta i Helsingfors. Dei «kvite» fekk støtte frå tyske styrkar. I april hadde dei kvite vunne området rundt Tammerfors ved hjelp av 9500 tyske soldatar.

Nokre månader i 1918 var Finland monarki, til den tyske prinsen Fredrik Karl sa frå seg tilbodet om å bli finsk konge 14. desember 1918.

«Innbördeskriget» var ein finsk borgarkrig som skapte sår heilt

fram til vår tid. I 1918 kjempa dei raude og kvite mot kvarandre med eit slikt hat og ein slik fanatisme at det minner om kampane på Balkan i nyare tid. Det er rekna ut at mellom 3000 og 4000 menneske fall i kampane. I tillegg blei fleire tusen myrda. Det var store tap i fangeleirane og summariske avrettingar. Krister Wahlbäck skriv i boka *Från Mannerheim til Kekkonen* at rundt 80.000 krigsfangar var samla i fangeleirar sommaren og hausten 1918, og det er rekna at om lag 12.000 av dei omkom som fylgje av underernæring og sjukdomar. Dei endelege tala er usikre. Krigen mellom dei raude og dei kvite i Finland blei støtta av tyske, russiske og svenske soldatar, pluss frivillige frå fleire land slik som Noreg og Danmark. Mannerheim avslutta «Innbördeskriget» då troppane hans tok makta i Helsingfors 16. mai 1918.

Borgarkrigen i Finland der dei raude i fyrste delen stod for terroren og drapa, og seinare i like stor grad dei kvite, er ein del av nyare historie som stort sett er forsømt i norsk historieundersøking. Typisk er det at krigen

berre er omtalt med nokre liner i Aschehougs 15 binds *Verdenshistorie*.

Fleire forfattarar har skrivne om denne viktige og blodige delen av den finske historia. Mest kjende er Kjell Westös bøker. I romanen *Der vi en gång gått* møter vi ei gruppe unge personar i dei vanskelege åra frå 1905 til 1938. Väinö Linnas «torpartriologi» fortel også om striden mellom dei raude og dei kvite i Tavastehus. Også norske forfattarar har skrivne om desse åra, slik som Kjartan Fløgstad i *Grand Manila*. Dei sterkaste skildringane finn ein i Kim Leines bok *Avgrunnen* frå 2015.

Henrik Tikkanen skriv i si sjølvbiografiske bok *Brändövågen 8 Brändö Tel. 35*: «(...) etter ett segerrikt krig där den enda hälften av folket besegerat den andra hälften. Segrarna täppte till käftan på de besegrade och sen var den besegrade hälften av folket stum i tjugo år. Han skriv også: «I Finland är historien som en vinterdag. Kort och dunkel och det är svårt att se det som är lite längre borta.»